



KINN KOMMUNE

## M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL: Kontrollutvalet  
DATO: 3. November 2020  
STAD: Florø, Samfunnshuset: Speilsalen.  
TID: Kl. 09.00 – 15.20.

### *DELTAKANDE I MØTET:*

Kontrollutvalet: Kjell Heggen, leiar  
Bjørn Hollevik, nestleiar  
Aud Norunn Vig, medlem  
Helen Hjertaas, medlem

Vara: Nils Myklebust for Tom Andre Hopland  
Stein Malkenes for Nils Myklebust i sak 92/20 (Kl. 12-13)

Vest kontroll: Jostein Støylen, dagleg leiar  
Jorunn Sandal, spesialrådgjevar

Vestland Revisjon: Charles Litsheim, revisjonssjef forvaltning. Frå sak 88. Ikkje i sak 95 og 96

Kinn kommune: Ola Teigen, ordførar. I første del av sak 93/20 og i sak 94/20. (11.00-11.30) og (14.00-14.45)  
Berit Osa, controller. Var tilstede i deler av møtet  
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef. I sak 91/20 (kl. 11.45-12.00)

Andre: Aksello AS: Lone Bareksten, dagleg leiar  
Nomill A/S: Inge Bernt Arnestad dagelig leiar

Forfall: Tom Andre Hopland

Møtet var leia av: Kjell Heggen

## **SAKLISTE**

- SAK 87/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 88/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 89/20 SKRIV OG MELDINGAR
- SAK 90/20 KOMMUNEDIREKTØREN - FOTBALLHALLEN I FLORØ  
– ORIENTERING \*\*
- SAK 91/20 KOMMUNEDIREKTØREN - UTFYLLING PÅ NYGÅRDSTANGEN I DEKNEPOLLEN – ORIENTERING \*\*
- SAK 92/20 OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL AV NORDFJORD HAVN IKS\*
- SAK 93/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP \* \* \* \*\*\*
- SAK 94/20 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021
- SAK 95/20 OPPFØLGINGSLISTE
- SAK 96/20 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING
- SAK 97/20 ÅRSREKNESKAP OG REVISJONSMELDING 2019 FOR AKSELLO AS
- SAK 80/20 ÅRSMELDING MED REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2018 FOR NORDFJORD MILJØVERK IKS

### **Behandlingsrekkefølga vart slik:**

87, 88, 89, 80, 93 (påbegynt) 91, 92, 93(avslutta), 97, 94, 90, 95, 96

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
87/20	033	19.10.2020	03.11.2020	KS

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene blei i denne rekkefølge: 87, 88, 89, 80, deretter kan leiaren avgjere behandlingsrekkefølga etter kvart som dei personane som skal orientere kjem på møtet.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Helen Hjertaas.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
88/20	049	19.10.2020	03.11.2020	KS

## **GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 28.09.2020.

### **Vedlegg**

Møteprotokollen frå møtet 28.09.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
89/20	033&17	27.10.2020	03.11.2020	JS&KS

## **SKRIV OG MELDINGAR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### **Vedlegg**

1. Utskrift frå kommunestyre si møtebok, sak 151/20 Val av kontrollutval.
2. Frå nettavisa kommunalrapport, av 26.10.2020. Bernt svarer «Ingen plikt til å foreslå kandidater til kontrollutvalget».

### **Saksopplysningar**

Viser til vedlegga.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
90/20	030&18	28.10.2020	03.11.2020	KS/JS

## KOMMUNEDIREKTØREN - FOTBALLHALLEN I FLORØ – ORIENTERING

### Samrøystes vedtak

Saka blir utsett til neste møte.

Kommunedirektøren var kalla inn for å orientere og svare på oppfølgingsspørsmål, etter at saka også har vore oppe tidlegare, jfr. sak 86/20 punkt 1. Kommunedirektøren har i sms i dag, 3.11.20, meddelt kontrollutvalsSekretariatet at han prioriterer andre oppgaver.

### Samrøystes vedtak

Saka blir utsett til neste møte.

### Saksopplysningar

Kommunedirektøren vert kalla inn for å gi ei orientering og svare på spørsmål.

Jamfør sak 86/20 punkt 1:

1. Kommunedirektøren vert innkalla til neste møte for å gi utfyllande opplysningar vedkomande Fotballhallen i Florø. Utvalet peikar spesielt på:
  - a. Kva midlar som stod på Kinn kommune sin konto ved utsending av anbodspapira 28.01.20.
  - b. Vart det gjort naudsynte vedtak i Kinn kommune som gav Kommunedirektøren fullmakt til å starte opp arbeidet. Eventuelt kome med forslag til kva vedtak som må gjerast av Kinn kommunestyre.

Jfr. Verbalvedtak i budsjettet sak 75/20 pkt 36 «Rådmannen skal i løpet av våren 2020 ha føretatt en gjennomgang av investeringane i kommunebudsjettet og komme til bystyret med ein sak om korleis disse bør gjerast. Det er ein føresetnad at politikarane skal vere løpande involvert i budsjettprosessen, gjennom hovudutvala og formannskapet som finansutval, for å bli betre kjent med heile Kinn sine investeringar.»

Jfr. også vedtak i formannskapet sak 9/20 med tilhørende saksutredning.

<https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020002628&dokid=1333284&versjon=3&variant=A&>

- c. Er vilkåra for utbetaling av tilskot frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune som er referert i brev av 04.05.2020 og om dette er oppfylt med gyldig finansieringsplan vedteken av Kinn kommunestyre.  
<https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020012583&dokid=1352169&versjon=3&variant=A&>
- d. Er det samsvar mellom underskrivar på brevet av 04.05.2020 ref nr 20/256-20/12583/MAKD og den elektroniske underskrifta?  
<https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020012583&dokid=1352169&versjon=3&variant=A&>

- e. Er gåvebrev frå SFE side 37 i vedlegga er i tråd med brev frå adv Odd Hylland. (Gjeld kravet frå SFE om profileringsplass) Er det reelt gåvemidlane som er brukte når der ligg krav om tilbakebetaling dersom prosjektet ikkje skulle verte realisert . Er gåvemidlane å betrakte som eit lån til Kinn kommune?
- f. Kva er gjorde av politiske vedtak i Kinn kommune utover budsjettvedtak? Kva organ i Kinn kommune har politisk klarert prosjektet.? Er det vedtak i gamle Flora bystyre som er brukt som oppstartsvedtak?

Utvalet ber om at skriftleg svar blir gitt til sekretariatet innan 15.10.2020.

### **Saksopplysningar**

Saka var til behandling i møtet 1. september. Utvalet har fleire tilleggsspørsmål som er oversendt til kommunedirektøren. Kommunedirektøren er derfor kalla inn til dette møtet og det er bede om skriftlege svar i forkant av møtet.

Sekretariatet har ikkje motteke skriftlig tilbakemelding.

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>91/20</b>	030&18	27.10.2020	03.11.2020	KS/JS

## **KOMMUNEDIREKTØREN – UTFYLLING PÅ NYGÅRDSTANGEN I DEKNEPOLLEN - ORIENTERING**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren v/kommunalsjef Sund til vitende.

### **I møte**

Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund stilte i møte på vegne av kommunedirektøren og orienterte kort om korleis saka står pr. i dag.

### **Saksopplysningar**

Kommunedirektøren vart kalla inn for å orientere og svare på spørsmål.

Kontrollutvalet gjorde i sak 35/20 vedtak om å bli fortløpande orientert om utviklinga i saka.

<b>Saksnr:</b>	<b>Arkivnr:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>92/20</b>	217	30.10.2020	03.11.2020	JS

## **OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL AV NORDFJORD HAVN IKS**

### **Samrøystes innstilling**

1. Kommunestyret vedtek oppfølging av selskapskontrollen i Nordfjord Havn IKS, jfr. kommunestyresak i Vågsøy sak 085/19, med heimel i kommunelova § 23-6 (Innsyn og undersøkingar i selskap og liknande), innanfor følgjande fokusområde:

- a. Etterleving av vedtak og regelverk i samband med mottatte tilskott til fiskerikaier.
  - b. Økonomiske transaksjonar i samband med industriområdet i Barstadvika, avgrensa til:
    - om nokon av aktørane i prosjektet kan ha fått fordelar gjennom ulovleg subsidiering
    - om Nordfjord Havn IKS har gjort anskaffingar som etterpå er bortfesta til andre.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å foreta mindre endringar av mandatet.
  3. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre konkurranseutsetjing av dei ovanfor nemnde kontrolloppgåvene i samsvar med anskaffelsesregelverket.
  4. Finansiering skal vere over kontrollutvalet sitt budsjett og kan ikkje gjennomførast medmindre nok midlar vert løyvde i budsjettet for 2021.
  5. Ein førebels prosjektrapport, som grunnlag for rapportering til kommunestyret, skal ligge føre hjå kontrollutvalet seinast i mars 2021.

### **I møtet**

Nils Myklebust vart samrøystes kjent inhabil og gjekk frå møtet. Jf. forvaltningslova § 6.2 lekk – andre særskilde forhold. Sjå sak 83 i møtet 28.09.2020 - Plan for forvaltningsrevisjon.  
Vara Stein Malkenes tok sete i møtet.

Ved avrøysting vart sekretariatet sitt forslag pkt. 1, 2 vedtekne. Pkt 4 i sekretariatet sitt forslag vert vedteke som pkt. 5.

Nye punkt 3 og 4 vart utforma i møtet og vedtekne:

3. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre konkurranseutsetjing av dei ovanfor nemnde kontrolloppgåvene i samsvar med anskaffelsesregelverket.
4. Finansiering skal vere over kontrollutvalet sitt budsjett og kan ikkje gjennomførast medmindre nok midlar vert løyvde i budsjettet for 2021.

Etter avrøystinga forlet Stein Malkenes møtet og Nils Myklebust tok sete igjen før neste sak.

### **Innstilling frå sekretariatet**

1. Kommunestyret vedtek oppfølging av selskapskontrollen i Nordfjord Hamn IKS, jfr. Kommunestyresak i Vågsøy sak 085/19, med heimel i Kommunelova § 23-6 (Innsyn og undersøkingar i selskap og liknande), då på følgjande fokusområde:
  - a. Etterleving av vedtak og regelverk i samband med mottatte tilskott til fiskerikaier.
  - b. Økonomiske transaksjonar i samband med industriområdet i Barstadvika, avgrensa til:
    - om nokon av aktørane i prosjektet kan ha fått fordelar gjennom ulovleg subsidiering
    - om Nordfjord Havn IKS har gjort anskaffingar som etterpå er bortfesta til andre.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å foreta mindre endringar av mandatet.
3. Kommunestyret løyver midlar til dekning av projektkostnader i samsvar med kostnadsplan som følgjer av kontrollutvalet si sak nr. 92/20, pkt. 6, med ekstraløyving på kr 170.000.
4. Ein foreløpig prosjektrapport, som grunnlag for rapportering til kommunestyret, skal ligge føre hjå kontrollutvalet seinast i mars 2021.

### **Vedlegg**

1. Sak 85/19 i Vågsøy kommunestyret, den 12.12.2019. Vedlegga til saka kan ettersendast utleverast om det er behov/ynskjeleg.

2. Sak 40/20 i Kinn kontrollutval, den 13.05.2020.
3. E-post frå Vestland revisjon av 07.10.20. Vurdering av mulig forvaltningsrevisjon.
4. E-post av 29.10.2020 frå Vestland Revisjon vedkomande eigenvurdering av kompetanse.

## **1. Saksopplysningar**

Kinn kontrollutval gjorde i møte den 13.05.2020, sak nr. 40/20, slikt vedtak:

«Kontrollutvalet sender saka over til revisjonen for vurdering av forvaltningsrevisjon i samband med utarbeiding av overordna analyse for forvaltningsrevisjon».

I saksutgreiinga til dette møtet var det lagt til grunn at kontrollen av Nordfjord Havn IKS skulle vurderast i samband med overordna analyse og dermed plan for selskapskontroll for inneverande planperiode/valperiode.

Det har i etterkant av Kinn kontrollutval sitt nemnde vedtak 13.05.2020 vore dialog med Vestland Revisjon. Revisjonen fann det først nødvendig med ei presisering av ramma for dei tilhøve som kontrollutvalet ynskjer å få undersøkt. Vidare- var det påpeikt at det som kan oppfattast som mandat for undersøkingane femner svært vidt.

Det er seinare avklara med revisjonen at ved sida av at dei ulike tema burde vore spesifisert, så går den i eit slikt omfang inn på juridiske problemstillingar at dette ligg utanfor revisjonen sin fagkompetanse.

Det går fram elles av dei foreløpige kommentarane frå Vestland Revisjon at gjennomføring av eit oppdragsmandat som forvaltningsrevisjon vil vere basert på nasjonal revisjonsstandard.

Sakstilfanget frå tidlegare behandling i kontrollutvalet er stort og det synest nødvendig å avklare eit nærare mandat for prosjektet før bestillinga vert effektuert.

Kontrollutvalet bør sjå på om ei rimeleg, men vesentleg avgrensing kan vere mogeleg utan å setje til sides viktige kontrollpunkt.

Ut frå det som no er kome fram etter dialogen med revisjonen er forvaltningsrevisjon ikkje egna som ein oppfølgingskontroll. Det er også avklart at ut frå sine faglege føresetnader finn revisjonen ikkje å kunne gå inn i dette kontrolloppdraget.

## **2. Bakgrunn, tilhøvet til andre eigarkommunar, tidlegare vedtak**

Nordfjord Havn IKS er eigd av kommunane Stryn (26 %), Gloppen (13 %), Stad (13 %) og Kinn (48 %).

Undersøkingar av drift og vedtak i det interkommunale selskapet har i kommunane der kontrollane har hatt størst aktualitet vore tema sidan før kommunesamanslåingane.

Etter bestilling frå eigarkommunane tok kontrollutvalet i Vågsøy imot ein forvaltningsrevisjonsrapport datert 11.03.2019 frå dåverande kommunerevisjon i Nordfjord.

Kontrollutvalet i tidlegare Selje kommune gjorde deretter vedtak om vidare kontroll av føretaket, medan noverande Stad har ikkje har ytra ønskje om å vidareføre arbeid med nærare kontroll. Det same gjeld Stryn kommune.

Kommunestyret i tidlegare Vågsøy kommune ønskte å gå vidare med oppfølging av kontrollen og gjorde følgjande vedtak i møte den 12.12.2019, sak nr. 085/19:

1. *Kommunestyret tek rapporten av 11.03.2019 frå selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Nordfjord Havn IKS, med Hamnestyret sitt tilsvar i sak H01/19, til vitande.*
2. *Kommunestyret i Vågsøy ber om at Kontrollutvalget/Kommunestyret i Kinn gjer vedtak om, eventuelt saman med dei andre eigarkommunane, ein ny-/oppfølgingskontroll i 2020 av Nordfjord Havn IKS. Kontrollen bør leggje særleg vekt på disposisjonar som selskapet har medverka til når det gjeld industriområdet i Barstadvika, samt oppfylgging av tilskottsvilkåra for fiskerikaier.*
3. *Siden Barstadvika er foreslått teke opp som oppfølgingskontroll, er det rimelig at heile prosjektet frå oppstart til i dag blir gjennomgått.*

Kommunestyret i tidlegare Selje kommune gjorde vedtak i samsvar med Vågsøy kommunestyre sine pkt. 1 og 2. Stad kommune har seinare gitt signal (I samband med behandling av plan for forvaltningsrevisjon) gitt uttrykk for at dei ikkje ynskjer å vere med på oppfølgingskontroll. Stryn kommune har heller ikkje har sett fram noko ynskje om vidare kontrolltiltak no, men muligens seint i valperioden. Gloppen kommune har, slik vi forstår det, ikkje ynskje om oppfølgingskontroll.

Det vil vere naturleg at Kinn kommune vidarefører oppmodinga frå kommunestyret i tidlegare Vågsøy. Kontrollen bør i utgangspunktet avgrensast til område som Vestland Revisjon kan gjennomføre.

I vurderinga av kva som ligg i ei slik avgrensing kan ein ta utgangspunkt i at mange av spørsmåla i saka skriv seg frå tidlegare havnerådsleiar Nils Myklebust si varsling den 03.04.2019 til kontrollutvalet i Vågsøy. Orienteringa frå Myklebust gjeld imidlertid også tilhøve som ligg mange år attende i tid. Varslinga trekkjer liner attende til starten av Nordfjord Havneråd i 2002 og femner i nokon grad om varslaren sitt virke m.a. som havnerådsleiar frå 2011.

Det er sett fram open kritikk om m.a. leiinga. I den samanheng kan det nemnast at det dei seinaste ca. 15 åra vore fleire skifte i dagleg leiing / havnedirektør og i leiinga av styret. Det synest også difor naturleg å prioritere dei nyare tilhøva og slike spørsmål som kan etterprøvast gjennom vurderingar av tilgjengeleg dokumentasjon, utan at kontrollen vil måtte slutførast med tvil, og gjerne påstandar som står mot kvarandre, om kva som faktisk har skjedd.

Fleire av dei kritiske merknadene til leiinga av Nordfjord Hamn IKS vil ut frå slike bevismessige omsyn neppe vere eigna tema for ny og oppfølgjande kontroll. I spørsmåla ligg også skjønsmessige avgjerder, for eksempel i kva grad styret har sørga for at «arealer skal disponeres med sikte på en best mulig, samlet ressursutnyttelse». Overprøving av skjøn er til vanleg ei vanskeleg oppgåve.

Eitt av punkta gjeld kritikk mot advokat Klaus Iversen for å ha påtatt seg oppdrag for fleire klientar, deriblant Nordfjord Havn IKS og Raudeberg Industripark Syd AS (RiS) som var seljar av Barstadvika. Advokaten har imøtegått denne kritikken i notat av 15.09.2019 til kontrollutvalet i Vågsøy og ein forvaltningsrevisjon synest ikkje å vere hensiktsmessig verktøy til å gå nærare inn med kontroll av desse tilhøva. Til det synest ei ekstern gransking, for eksempel av ein uavhengig advokat, i prinsippet å vere betre eigna.

Venteleg har spørsmåla i e-post av 01.04.2019 frå rådmann Knut Ove Leite, i tidlegare Vågsøy kommune, og til Vest kontroll vore medverkande til Vågsøy kommunestyre sitt vedtak om ein generell gjennomgang av prosjektet i Barstadvika. Slik saka står i dag vil det kanskje ikkje vere muleg utan stort ressursbruk.



På den andre sida er det varsla om fleire tilhøve som bør kunne ligge til rette for å bli tatt inn under eit framhald av den forvaltningsrevisjonen som vart rapportert våren 2019. Dette kan for eksempel gjelde spørsmålet om i kva grad dei vilkåra som staten har sett for tilskott til fiskerikaier har blitt overhaldne.

Når det gjeld industriområdet i Barstadvika bør revisjonen sine undersøkingar kunne avgrensast til følgjande enkeltspørsmål som er stilt og som også eventuelt kan formulerast slik:

- om nokon aktørane i prosjektet kan ha fått fordelar gjennom ulovleg subsidiering
- om Nordfjord Hamn IKS har gjort anskaffingar som i realiteten kan sjåast som ei omgåing for å frigjere kapital for private.

### 3. Vurderingar

Oppsummeringsvis kan det nemnast at det tidlegare er reist omfattande til dels alvorleg kritikk mot både leiing, saksbehandling og visse avgjerder i Nordfjord Havn IKS. Av dei spørsmål som ikkje er svara ut, kan det gjennomførast ytterlegare kontrolltiltak. Kommunestyret i tidlegare Vågsøy kommune var «tett på» denne saka og vedtok i sak 085/19 ei direkte oppmoding til Kinn kommune om dette.

Det er seinare avklara med revisjonen at eit oppdrag til Vestland Revisjon må klargjere nærare kva for bestemte område som skal underleggjast i vidare kontrolltiltak. Det synest då hensiktsmessig å sjå bort frå spørsmål som det er gitt svar på og setje fokus på kva som elles er vesentleg.

Det kan nemnast at eit heimelsgrunnlag i kommunelova § 23-6 andre ledd for vidare kontroll lyder slik:

*«Kontrollutvalget kan foreta undersøkelser i virksomheten hvis det er nødvendig».*

Lovreglane om undersøkingar i selskap stadfestar elles kontrollutvalet og revisor sin rett til å krevje opplysningar og gjere undersøkingar i interkommunale selskap etter IKS-lova.

Slik kontroll er eit verktøy som kommunen kan nytte ved utøvinga av medeigarskapet sitt.

At det tidlegare er starta opp kontrolltiltak utan ei slutføring som bestillaren fann tilfredsstillande, talar for vidareføring fram til ein konklusjon når det gjeld spørsmål som ligg til rette for slik eigenkontroll.

Sekretariatet finn med grunnlag i dette at kontrollutvalet bør vurdere om det er aktuelt å tilrå bestilling av følgjande oppdrag frå Vestland Revisjon Kommunalt oppgåvefelleskap med følgjande mandat som må leggjast inn i premissane for kommunestyret sitt vedtak

1. Kontroll av Nordfjord Hamn IKS si etterleving av vedtak og regelverk i samband med mottatte tilskott til fiskerikaier
2. Økonomiske transaksjonar i samband med industriområdet i Barstadvika, avgrensa til:
  - om nokon aktørane i prosjektet kan ha fått fordelar gjennom ulovleg subsidiering
  - om Nordfjord Hamn IKS har gjort anskaffingar som i realiteten kan sjåast som ei omgåing for å frigjere kapital for private

Det er elles naturleg at kontrollutvalet får høve til å gjere visse mindre tilpassingar i mandat m.v. utan å måtte gå attende til kommunestyret.

### 4. Utføring og tilhøvet til revisjonen

Oppgåvene med selskapskontroll og forvaltningsrevisjon er tillagt kommunerevisjonen etter bestilling frå kontrollutvalet.

Oppfølging av revisjonen sitt arbeid kan i dette tilfelle utførast av kontrollutvalet v/sekretariatet. I denne saka vil dette vere aktuelt, då revisjonen har vurdert oppgåvene slik at dei undersøkingane som står føre vil liggje utanfor revisjonen sin fagkompetanse. Det vert vist til epost av 29.10.2020 frå Vestland Revisjon, vedlegg 4. Dette gjer at kontrollutvalet må sjølv må sørge for gjennomføringa, eventuelt ved bestilling hjå andre.

Vest kontroll har tilgang på nødvendige kompetanse til å gjennomføre undersøkingane. I problemstillingane synest innslaget av juridiske spørsmål og metode å vere til stades. Advokat Kjetil Kvammen, som er fast tilknytt sekretariatet, har juridisk kompetanse og forretningsjuridisk erfaring. Dersom det skulle kome opp tilhøve som ikkje kan bli klårlagde ut frå dette mandatet, vil kontrollutvalet få seg førelagt forslag som kan rette på dette.

## 5. Omfang og økonomi

For utan sjølv gjennomføringa vil oppdraget legge beslag på arbeidstid som vil inkludere førebuing, reisetid, rapportering, m.v.. Kontrollutvalet, evt. v/leiar, bør haldast rimeleg løpande informert om framdrift.

Ein er i ein heilt tidleg og innleiande fase av eit eventuelt oppfølgingsprosjekt og grunnlaget for å fastlegge dei økonomiske rammene for eit ferdig resultat er difor usikre, også fordi endringar og uforutsette tilhøve kan kome opp undervegs.

Foreløpig vurdering av prosjektkostnader, i hovudsak basert på stipulert tidsforbruk:

-	Juridisk bistand	kr. 135.000
-	Kostnadsbidrag <u>ekstraordinære</u> sekretariatsutgifter,	kr. 50.000
-	Avsett til andre utgifter og utlegg, herunder uforutsett, ca.	<u>kr. 10.000</u>
Sum:		<u>kr. 195.000</u>
-	Vert dekt av Kinn kommune sitt faste bidrag til Vest kontroll	kr. 25.000
-	Vert dekt av særskild løyving i kommunestyret/etter fullmakt	<u>kr. 170.000</u>
Sum:		<u>kr. 195.000</u>

Tilpassing og evt. justering av denne samla kostnadsramma vert i nødvendig grad å kome tilbake til i rapportering til kontrollutvalet.

## 6. Samarbeidsavtalen

Samarbeidsavtalen mellom deltakarkommunane og Vest kontroll regulerer mellom anna finansieringa av verksemda i oppgåvefelleskapen.

Det heiter i § 4 femte ledd:

«Utgifter ved sekretariatsarbeid som er bestilt av ein kommune (kontrollutval) blir fakturert særskilt den aktuelle kommunen med 50 % ved oppstart av oppdraget og 50 % når oppdraget er avslutta».

Dette er då å forstå slik at denne undersøkinga vert å sjå på som ekstraordinær oppgåve i høve til løpande sekretariatsarbeid, og kommunen må dekke det vesentlege av utgiftene.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
93/20	217	18.09.2020/24.09.2020/28.10.2020	03.10.2020	JS

## PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP

### Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. forvaltningsprosjekt i planperioden:
  - Arbeidssituasjonen innan pleie og omsorg (prioritert som prosjekt nr. 1 for utføring våren 2021)
  - Beredskap
  - GDPR (handtering av personopplysningar)
  - Økonomi, særleg med vekt på investeringsprosjekt
  - Korleis kommunen handterer FN sine krav om bøkraftige mål
  - Korleis kommuneadministrasjonen forebur/saksbehandlar saker med økonomiske konsekvensar
  - Kommunal forvaltning knytt til saker som skal godkjennast for Fylkesmannen.
  - Korleis mobbesaker blir følgd opp på skular, jfr. opplæringslova § 9A
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å vedta prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
5. Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

### I møte

Ordførar Ola Teigen møtte i første del av denne saka.

### Tidlegare behandling/drøfting i sak 83/20.

I møtet den 28.09.2020 drøfta kontrollutvalet saka, men utsette den til behandling i møtet 03.11.2020.

#### Frå møtet den 28.09.2020

Revisjonssjef forvaltningsrevisjon Charles Litsheim gikk igjennom Overordna analyse og svara på spørsmål.

Sekretariatet gjorde greie for utforminga av innstillinga og ein i denne saka måtte ta med eventuelle forvaltningsprosjekt på selskap.

Kontrollutvalet fann ut at dei på dette møtet ville drøfte ulike prosjekt som kan vere aktuelle, for deretter å kome tilbake til endeleg liste på neste møte til prosjekt for utføring, før utvalet legge saka fram for kommunestyret til vedtak.

Desse prosjekta vart spesielt nemnde:

- GDPR (handtering av personopplysningar)
- Beredskap
- Bemanninga på institusjonane
- Økonomi særleg med vekt på investeringsprosjekt
- Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjon på Nordfjord Havn IKS
- Korleis kommunen handterer FN sine krav om berekraftige mål

- Korleis saksbehandlinga er (førebur/får fram saker) med økonomiske konsekvensar

Kontrollutvalet var også innom kva som kan gjennomførast som forvaltningsrevisjon, rapportar eller gransking.

Oppfølging av selskapskontroll av Nordfjord Hamn IKS vart nemnt som eit aktuelt forvaltningsprosjekt. Sekretariatet etter har etter drøftingar med revisjonen konkludert at det vil vere vanskeleg å kunne utføre ei oppfølging som eit forvaltningsprosjekt, og oppfølgingar vert difor teken opp som eiga sak, som må vurderast som ei undersøking, jf. Kommuneleva § 23-6. Det som stod i saka den 28.09.2020 er no teken ut av denne saka. Vedlegg 3 i saka si drøfting i møte 28.09.20 er også teken ut av denne saka og er lagt ved saka for Oppfølging av selskapskontroll av Nordfjord hamn IKS.

### Andre ny opplysningar

Kontrollutvalet hadde den 01.09.2020 og 28.09.2020 samtale med verneomboda i Måløy og i Kinn. I møteboka frå møtet den 28.09.2020, sak 78/20 kjem det fram ein del opplysningar. Sjå vedlegg 3.

Kontrollutvalet gjorde i sak 78/20 slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tek innspela frå hovudverneomboda med seg vidare m.a. i arbeidet med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet oppmodar derfor hovudverneomboda (HVO) om å skrive ein rapport om vernetenesta i Kinn Kommune.»

Rapporten som var oppmode om har ein ikkje fått.

### **Vedlegg**

1. Overordna analyse, utarbeida av Vestland Revisjon.
2. Bestilling av Overordna analyse til Vestland revisjon.
3. Kontrollutvalssak 78/20 Samtale med Hovudvernombod, møte 28.09.2020 (nytt vedlegg)

### **Saksopplysningar**

#### **Forvaltningsrevisjon**

Kommuneleva § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og selskap kommunen har eigarinteresse i. § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

#### **Plan for forvaltningsrevisjon**

Kommuneleva § 23-3 andre ledd set krav om at det skal utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon:

«Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner».

Kommuneleva § 23-3 femte ledd slår fast at det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, men dei kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

#### **Risiko- vesentlegvurdering**

Kommuneleva § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

«Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper».

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd tek utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, måloppnåing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet.

Kontrollutvalet bestilte Risiko- og vesentlegvurdering – **Overordna analyse** – av Vestland Revisjon i sak 33/20. Jf. vedlegg 1.

### **Koordinering i utføring av prosjekt**

Utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

### **Problemstillingane i eit forvaltningsprosjekt**

Kontrollutvalet og sekretariatet vil i samband med behandling av **prosjektplan** avgjere problemstillingane i samarbeid med revisjon.

### **Aktuelle forvaltningsprosjekt. Jf. dokumentet Overordna analyse**

#### Kommunedirektøren

sine innspel til prosjekt kjem fram på side 17. Jf. også «svarbrevet» som kjem fram på side 36 og 37.

#### Revisjonen

summerer opp aktuelle prosjekt side 17 til side 20.

Revisjonen har særleg merka ut (rødt) flg. område der det kan vere høg risiko for manglande etterleving av reglar, under dette internkontroll, måloppnåing, vedtaksoppfølging eller rapportering: Personvern/GDPR handtering i digitale system. Sjå side 6.

Økonomi. Sjå side 7.

Beredskap. Sjå side 9.

#### Forvaltningsrevisjon på selskap

må også takast standpunkt til i denne saka

### **Prioritering av forvaltningsprosjekt**

Kontrollutvalet må i møtet prioritere og setje opp dei mest aktuelle prosjekta for gjennomføring før saka går til kommunestyret.

Eventuelle forvaltningsprosjekt på selskap der kommunen har eigarinteresser må prioriterast i denne planen. Sjå side 29 i rapporten har revisjonen lista opp slike selskap.

### **Plan for eigarskapskontroll**

Risiko- og vestenlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap skal ta utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

Sekretariatet vil seinare kome tilbake med eiga sak for Plan for eigarskapskontroll.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
94/20	151	28.10.2020	03.11.2020	JS

## BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2021 vart vedteke i sak 84/20 med ei ramme på kr. 239.512.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest Kontroll og Vestland Revisjon for 2021, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2021 blir på kr 2.064.512.

### Vedlegg

Brev frå Forum for kontroll og tilsyn, av 15.10.2020 «Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolkningen av kommuneloven § 23-5».

### I møtet

Ordføraren var til stades i denne saka.

Nils Myklebust vart samrøystes kjent inhabil etter forvaltningslova § 6 2. lekk, Andre særlege forhold. Dette som følgje av muleg vidare undersøking av Nordfjord Hamn IKS. Ingen vararepresentant var tilgjengeleg.

Avsetjing av midlar til Oppfølging av selskapskontroll av Nordfjord Havn IKS med ei eiga undersøking vart drøfta. Utvalet ville ikkje ta med noko beløp no, men vil vente på kommunestyret si behandling av sak 92/20. Dersom positivt vedtak frå kommunestyret til oppfølging vil kontrollutvalet kome tilbake til løyving etter at tilbod på utføring ligg føre.

### Saksopplysningar

#### Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Utdrag frå KOSTRA rettleiaren som skal gå fram på funksjon 110:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

#### Kontrollutvalet

		2021	2020
	Møtegodtgjersle	73.000	73.000
	Tapt arbeidsforteneste	25.000	25.000
	Pensjonsutgifter	10 950	10 950
	Arbeidsgivaravgift	15.562	15.562

	Abonnement	5.000	5.000
	Bevertning	9.000	9.000
	Frikjøp	20.000	20.000
	Hotell/overnatting	18.000	18.000
	Reiseutgifter	45.000	45.000
	Husleige	10.000	10.000
	Kontingent	8.000	8.000
	Sum	239.512	239.512

Kontrollutvalet har i sak 84/20 vedteke/tilrådd eige budsjett som vert endeleg vedteke av kommunestyret. Ein har ikkje erfaringstal, så ein tilråd same budsjettet som vart vedteke for 2020.

#### Sekretariatet

		2021	2020
	Vest Kontroll Kommunalt oppgåvefelleskap	450.000	415.000

Budsjettet er vedteke av representantskapet. Det er då ein årleg bindande fastpris.

#### Revisjonen

		2021	2020
	Vestland Revisjon Kommunalt oppgåvefelleskap	1.375.000	1.430.000

Budsjettet som stret tilrår at representantskapet vedtek.

I summen inngår rekneskapsrevisjon, etterlevelser revisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, tippemiddelrekneskap, oppmøte i kontrollutval og kommunestyre samt mindre konsulentoppdrag og andre rekneskap i Kinn som kommunen vidare sender faktura for. Dvs. samla utbetaling til revisjonen for det aktuelle året.

#### Totalt budsjett for kontrollarbeidet

		2021	2020
	Samla	2.064.512	2.084.512

#### Opplæring

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016): «Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemmer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte.

Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16).

### Saksgang

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal **uendra** følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om kontrollordninga sitt budsjett.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
95/20	033	27.10.2020	03.11.2020	KS/JS

### OPPFØLGINGSLISTE

#### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista for kontrollutvalet til vitende.
2. KU ber sekretariatet gå gjennom lista og purre på tidlegare saker og forespurnadar som ikkje er blitt svara på. Dette for å få avslutta sakene innan årsskiftet.

#### Vedlegg

Oppfølgingsliste for kontrollutvalet. Utarbeidd av Vest Kontroll.

#### I møte

Nils Myklebust kom inn igjen i møtet.

#### Saksopplysning

Viser til vedlagd oppfølgingsliste for kontrollutvalet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
96/20	033	27.10.2020	03.11.2020	JSa

### SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

#### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om skriftleg dokumentasjon til sekretariatet innan 25.11.20 og å stille i neste møte 8.12.20 for å svare på utfyllande spørsmål om:

1. Kva moment blir vektlagt i saksbehandlinga av tiltak/investeringar som skal vere sjølvfinansierande?
2. Rådhusprosjektet:
  - a. Generelt om prosessen og tidsbruken
  - b. Korleis var saksgangen i prosjektet? Kva og kor tid var milepælane i prosjektet?
  - c. Kva var mandatet i administrasjonen?
  - d. Kor tid blei anbodspapira sendt ut?
  - e. Kor tid kom svara?
  - f. Korleis var tidsbruken?



- g. Kor tid blei administrasjonen klar over at tilbydar hadde laga løysingar utover bestillinga?
- h. Kor tid stoppa kommunedirektøren prosjektet?
- i. Kor tid blei kven i administrasjonen klar over kva?

### **I møte**

Bjørn Hollevik stilte spørsmål om:

- Sjølvfinansierende investeringar
- Prosessen i rådhusprosjektet

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
97/20	026	28.10.2020	03.11.2020	JSa

## **ÅRSREKNESKAP, REVISJONSMELDING MM 2019 AKSELLO AS**

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek årsrekneskapen 2019, rapportar frå dagleg leiar, revisjonsmelding for Aksello AS til vitende.
2. Kontrollutvalet tek orienteringa frå dagleg leiar til vitende.

### **Vedlegg**

1. Årsrekneskap 2019
2. Fullstendighetserklæring frå dagleg leiar
3. Årsrapport frå dagleg leiar
4. Revisjonsmelding
5. Protokoll frå styrebehandling av årsrekneskapet 22.04.2020
6. Møtebok frå generalforsamling 10.06.2020

### **I møte**

Dagleg leiar orienterte og svara på spørsmål.

### **Informasjon**

Dagleg leiar Lone Bareksten er invitert til møtet for å orientere om selskapet og å svare på spørsmål.

### **Saksopplysningar**

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval §13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding for selskapet.
- Selskapet sitt formål er å vere kommunal næringsutviklar for Kinn kommune og å vere fylkesdekkande inkubator. Selskapet er Kinn kommune si førstelinjeteneste og som del av dette arbeidet administrerer dei næringsfondet. Vidare skal selskapet skape møteplassar for næringslivet og samstundes utvikle og drive gode prosjekt som gjev regionen auka verdiskaping og vekst.
- Selskapet er deleigd aksjeselskap av Kinn Kommune som eig 200 av 1750 aksjar, dvs. 11,4%.
- Inntektene utgjer ca. kr 7,5 mill. Auke frå kr. 7,3 mill. i 2018.
- Årsrekneskapen viser eit underskot på ca. kr 357 000 i 2019. I 2018 var underskotet på ca. kr 232 000.

- Pga. underskot har selskapet ingen fri egenkapital pr. 31.12.2019. Største delen av den bundne kapitalen i form av aksjekapital er i behold.
- Drifta i selskapet er påverka av covid-19. Leiinga var raskt ute med å ta grep for å tilpasse bemanninga etter aktiviteten. Selskapet er redusert frå 5 til 4 tilsette.
- Selskapet ser eit stort framtidig potensiale i kystnæringane.
- Årsmelding frå styret for 2019 er ikkje utarbeida.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
80/20	026	16.09/23.10.2020	28.09/03.11.2020	JSa

## ÅRSREKNESKAP, ÅRSMELDING, REVISJONSMELDING 2019 OG ORIENTERING - NORDFJORD MILJØVERK IKS

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2019 for Nordfjord miljøverk IKS til vitende.
2. Kontrollutvalet tek dagleg leiar si orientering til vitende.

### Vedlegg

1. Styret si årsmelding 2019 med årsrekneskap og revisjonsmelding
2. Utskrift frå styremøte der årsrekneskapen er handsama
3. Utskrift frå møte i representantskapet der årsrekneskapen er behandla

### I møte

Dagleg leiar Inge Bernt Arnestad stilte i møtet og orienterte om selskapet og svara på spørsmål.

### Informasjon

Saka blei utsett frå forrige møte 28.09.20. Dette av tidsomsyn og at ein vil invitere dagleg leiar og/eller styreleiar til å orientere og å svare på spørsmål.

Dagleg leiar Inge Bent Arnestad blir tilstade i møtet og orienterer om drift, planer framover, muligheiter og utfordringar. Han vil også svare på spørsmål.

### Saksopplysningar

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval § 13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Selskapet er eit interkommunalt selskap for avfallshandtering i Nordfjord.
- Endringar i eigarstruktur i samband med kommunereforma.
- Årsrekneskapen viser eit **overskot på 407 735**. Dette er ca. 80 000 lavare enn budsjettet og vesentleg lavare enn i 2018 på 1,8 mill. Avviket på kostnadssida ligg i hovudsak på lønn og andre driftskostandar.
- **Inntektene** er på **64,8 mill.** Auke frå 60,7 mill. frå 2018.
- Eigenkapitalen utgjer 22,4% av totalkapitalen (sum gjeld og eigenkapital).
- Lavt sjukefråvær med 1,3%.
- Revisjonsmeldinga er gitt 17. mars 2020 på brevarket til Kommunerevisjonen i Nordfjord. Kommunerevisjonen i Nordfjord gjekk saman med andre revisjonseiningar i Sogn og Fjordane

til Vestland Revisjon frå 01.01.2020. Vi registrerar at det ikkje er ein oppdragsansvarleg revisor som har signert revisjonsmeldinga. Vi har gjort dagleg leiar i Vestland Revisjon merksam på dette. Revisjonsmeldinga er handsama i selskapet sitt styre og representantskap.

- Viser til vedlegga for utfyllande informasjon.

**Møtet slutt.**

Kjell Heggen  
Leiar

Helen Hjertaas  
Medlem

**Møteprotokollen går til:** **Kommunestyret i Kinn som melding**  
Vestland Revisjon KO  
Kommunedirektøren til orientering  
Ordføraren til orientering